

HYLLESTAD KOMMUNE

Helse- og omsorgstenestene

postmottak@hod.dep.no

Vår ref.:

Arkivsaknr.: 12/164-3/ JCL
L.nr.: 12/1926

Dykkar ref.:**Arkivkode:**

K2-G21

Dato:

14.03.2012

Høyringsfråsegn ny fastlegeforskrift

Det er gjort fylgjande vedtak:

06.03.2012 HYLLESTAD FORMANNSKAP

FORM-013/12 VEDTAK:

Hyllestad formannskap vedtek å gi ei fråsegn i samsvar med innspelet frå helsetenesta i kommunen.

Fråsegna lyder slik:

Hyllestad kommune er langt på veg samd i intensjonen med den nye fastlegeforskrifta. Ein er derimot sterkt usamd i at krava i forskrifta ikkje får administrative og økonomiske konsekvensar.

Hyllestad kommune har to fastlegeheimlar og 1,8 støttepersonale. Kommunen er fleksibel m.o.t fastlønssavtale / driftsavtale ut frå legane sine ønskjer. I staden for å yte driftstilskott, lønar kommunen støttepersonell og står elles for drifta av kontoret. Legetenesta er godt integrert i den kommunale helse- og omsorgstenesta elles.

Det er særleg krava i forskrifta §23 om auka tilgjenge som ein ser vil medføre konsekvensar. Kvalitetskrava ser ein og i samband med dei skjerpa krava i samband med innføring av felles nasjonalt legevakttelefonnummer. Dersom ein skal ekspedere på telefon, sms og e-post samstundes og innafor eit stramt tidskrav, i tillegg til luke- og anna ekspedering, vil ein i vesentleg større grad måtte binde opp støttepersonalet til denne aktiviteten, noko som vil gå ut over laboratorietenesta, tilbodet om lysbehandling m.v.

Dersom ein må gå bort frå ordninga med telefontider, og vere tilgjengeleg på telefon, sms og e-post i heile opningstida, vil eit ytterlegare binde opp støttepersonellressursane. Kravet om auka tilgjenge vil automatisk medføre behov for auka støttepersonellressursar.

Kravet om kortare ventetid vil skjerpe kravet til effektivitet i ein elles stressa og hektisk legekontorkvardag. Behovet for auka legeressursar vil melde seg – ikkje minst når dette kjem i tillegg til auka møteverksemd m.a. som følgje av nye krav til oppfølging av sjukemelde, behovet for auka legenærver i omsorgstenestene som følgje av Samhandlingsreforma m.v.

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak.hyllestad@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt: 6345.06.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

Når HOD kan påstå at forskrifta ikkje medfører vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, så vitnar det om manglande innsikt og forståing av det praktiske livet på eit lite legekontor i distriktet.

Ein ser at det, frå eit brukarperspektiv, er behov for visse forbetringar. Når staten ikkje følgjer opp med økonomiske verkemiddel, fryktar ein for at det på nasjonalt hald kan liggje bakanforliggjande motiv om større driftseiningar – i distriktet vil det betyr interkommunale legekontor og lenger avstand til pasientane. Dei nye krava kan umogeleg realiserast utan statleg fullfinansiering eller radikale strukturelle grep som vil gå ut over pasientane.

Med helsing

Jens Chr. Lundeland
Helse- og omsorgssjef

Saksh. direktetlf:57789515